

# Foreldreinfo april



- Me minner om valmøte den 11.05. Møtet vert digitalt
- SU/SMU den 05.05.



## Foredrag for personalet

Saman med barnehagar, helsesektoren og barnevern har tilsette på skulen hatt foredrag med Cecilie Stanghelle. Dette er ein del av eit tverrfagleg samarbeid i kommunen kalla «Selvstendig, sunn og trygg». Dette er spesielt retta mot barn si psykiske helse, og korleis samarbeidet i kommunen best kan støtta opp om barn og familier som treng det av ulike grunnar. Tema for foredraget var tidleg innsats og forskning knytt til hjernen si utvikling frå 0-18.

## Uteområdet

No har me fått på plass eit kunstverk som illustrerer visjonen og verdiane til skulen. De kan lesa meir om symbolikken i kunstverket på [heimesida](#). Vi har fått opp skilt med ny logo og visjon på veggen over personalinngangen på ungdomsskulen og ved sykkelstativa på barneskulen. Det er kjekt å kunne visa forbi-passerende det me står for, og samstundes laga eit meir innbydande utemiljø. Håpet er å få på plass meir sitjeplassar og halvtak langs gjerdet mot bussane i løpet av sommaren.

## Kontaktlærarar og timeplan for 21/22

Me arbeider med å få på plass dei siste detaljane, og vil informera ut om kontaktlærarar for neste år så snart me kan. Me har ein del ledige stillingar grunna permisjonar, og må vente på desse før me kan landa kabalen heilt. Førskuleborna får i desse dagar beskjed om kven som skal ta i mot dei, og overgangsprosess frå barnehagen til skulen er i gang.



Det går mot mai og sommarfølelsen. Det vert ikkje skriftleg eksamen for 10.trinn i år heller grunna Korona, men munnleg eksamen den 03.juni går som tilnærma normalt. Me håper og få gjennomført avslutningsfest for 10.trinn den 16.06.kl 19 i Bjerkreimshallen som i fjor. Elevane har gått glipp av så mykje grunna pandemien at me unnar dei ein skikkeleg fest!

17.mai blir og som i fjor ei alternativ løysing utan barne- og folketog. Me får håpe på at skulefana får lufta seg i 2022 att! Elevar frå skulen skal vera konfransierar, og elevar frå Bjerkreim skule skal ha barnas tale, så nokre tradisjonar får ein til trass alt.

Takk for gode heim-skulesamtalar og at de tek kontakt om det er noko me kan hjelpe med – det set vi pris på!

Mvh

Svanhild Gjedrem

rektor

